

Notat – val av universitetsnamn

Bakgrunn

Høgskulen på Vestlandet (HVL) har mål om å sende inn søknad om universitetsakkreditering til NOKUT i 2023. For å kunne profilere og skape engasjement om det nye universitetet, er det ein fordel å kome fram til det nye namnet tidleg. Det er viktig at namnet på det nye universitetet er godt forankra internt i organisasjonen, men også i våre omgjevnader.

Rektor har sett ned ei arbeidsgruppe som skal leie prosessen med å kome fram til eit namn på det nye universitetet på Vestlandet. Det er ønskeleg med ein open og inkluderande namneprosess, som kan bidra til at universitetsambisjonen har støtte og blir jobba fram av både HVL-tilsette, studentar og omgjevnadane våre.

Det blir no opna for ein innspelsrunde, der tilsette, studentar og einingar ved høgskulen kan melde inn namneforslag.

Kriterium, målgrupper og viktige omsyn

Arbeidsgruppa for universitetsnamn har drøfta målgrupper, kriterium og omsyn som kan vere viktige å ha i bakhovudet når ein skal melde inn forslag namn, og i prosessen fram mot den endelege avgjerda i høgskulestyret.

Det er mange ulike målgrupper for det nye universitetsnamnet. Både målgrupper som kjenner institusjonen og dei som møter institusjonen for første gong. Dette er mellom anna:

- noverande og komande studiesøkarar
- noverande og komande tilsette
- samarbeidspartnarar
- forskarmiljø
- styresmakter

Det finst mange ulike namnetradisjonar innan høgare utdanning. Til dømes kan eit universitetsnamn reflektere:

- geografi (døme: Universitetet i Oslo / Universitetet i Bergen)
- samfunnsoppdrag (døme: UiT Norges arktiske universitet)
- profesjon/fag (døme: NTNU, NMBU)
- personnamn m.m. (døme: Linnéuniversitetet)

Det er fleire omsyn som er viktige å ta ved val av namn. Døme på slike omsyn kan vere at namnet:

- er enkelt og lett forståeleg
- er spissa eller viser breidde

- har eit godt og riktig språk
- markerer nynorskinstitusjonen
- fungerer internasjonalt
- har eit godt akronym/forkorting